



# DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

## **Møtebok for Sauherad og Nes sokneråd**

**Møtedato:** 20.04.2017  
**Møtetid:** kl. 19:00  
**Møtestad:** Nes menighetshus (Kyrkjekontoret)

### **Til stades:**

Halvor Kåsin, Alf Rose Sørngaarden, Anlaug Jorunn Bergan, Anne-Inger Lunner, Johannes Sand, Rune Nilsen, Målfrid Nygård Laskemoen, Jarl Olav Rugtveit, Lars Roe, Tora Skjerkholt Aarnes.

### **Meldt forfall:**

Anne Marie Etholm.

### **Saker**

#### **Sak 000007 Orientering frå møte i fellesnemnda**

Det blei gitt ei orientering frå ei som var til stades på fyrste møte i fellesnemnda (6. april); dvs leiar, nestleiar og kyrkjevevjerje. Sjå også sak 13/17 og vedlagte møtereferat.

#### **Sak 000008 Orientering om arbeidet i underutvalg, arbeidsområde, styre o.l**

Den enkelte soknerådsrepr. Ga ei orientering frå «sitt» underutvalg.

#### **Sak 000009 Regnskap for Nes menighetshus**

Blei delt ut i møtet.

#### **Sak 011/17 Om skattefritak for gåver - til Nes menighetshus o.a**

##### Bakgrunn

I sak 07/17 handsama soknerådet ei sak om skattefritak for gåver. Her skreiv kyrkjevevjerja m.a. at det vil vere muleg å få skattefritak for ordinære kyrkjeoffer dersom dette blei gitt via betalingsløysinga Vipps.

I vedtaket ba soknerådet om at det også måtte undersøkjast om det er muleg å få inn Nes menighetshus som eit gåveformål som gir rett til skattefritak.

##### Saksopplysningar

Når det gjeld å få skattefritak for kyrkjeoffer så må eg gå attende på det som blei skrive i sak 7/17. For det fyrste så har Vipps, som er ei relativt nystarta ordning og som dermed er i stadig utvikling, endra på sine rapporteringsrutinar. Det har resultert i at namnet på givaren no ikkje kjem på rapportane, og da er det ikkje muleg å spore kven pengane kjem i frå. (Her kan eg bemerke at det er heilt greitt å sleppe og sjå kor mykje den enkelte kyrkjegjengar har gitt i kollekt).

For det andre så har eg rådført meg med KA sin økonomirådgevar, og han seier at det er mottakaren av offeret, dvs *offerformålet*, som her er det vesentlege. Ein kyrkjegjengar gir sitt offer i kyrkja til t.d KABB (som det var på Palmesundag) og soknerådet berre vidareformidlar dei pengane som blir gitt. Det ar altså ikkje slik at offeret går til Sauherad og Nes sokn, som så på eitt seinare tidspunkt avgjer at offeret den dagen skulle gå til KABB

KABB står på den vedlagte lista til Skatteetaten over godkjente mottakarar av skattefrie gåver, saman med 541 andre frivillige organisasjonar, trus- og livsynssamfunn. Her står også dei aller fleste organsasjonane



# DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

som mottok kyrkjeoffer, og sjølvsagt også Det Norske Misjonsselskap (NMS) som kyrkjelyden har misjonsavtale med.

Gåver gitt direkte til desse organisasjonane gir rett til skattefritak – dersom dei utgjer minst 500 kr i løpet av eit kalenderår og gjevaren oppgjev sitt fødselsnummeret.

Så til spørsmålet om gåver gitt til Nes menighetshus (NMH) kan gi rett til skattefritak. Her må det opplysast at menighetshuset er ein sjølveigande stiftelse, registrert i Stiftelsesregisteret og frivillighetsregisteret, med org nr 976 315 189. NMH er såleis ikkje ein organisatorisk del av Sauherad og Nes sokn.

Vilkåra for å bli godkjent som mottakar av skattefrie gåver er gitt i Skattelova §6-50 (<https://lovdata.no/lov/1999-03-26-14/§6-50>). Her står det m.a. at organisasjonen må;

- *drive* eit arbeid – av religiøs, humanitør, eller kulturell art
- det må ha *nasjonalt* omfang, og det må
- *motta offentleg støtte*

*Forslag til vedtak:*

Soknerådet tek saka til etterretning.

*Møtebehandling:*

Det blei i forkant av møtet lagt fram informasjon frå Kyrkjerådet som konkluderar annleis enn kyrkjeverja.

*Vedtak:*

Saka må undersøkjast nærare og difor utsettast.

## **Sak 012/17 Organisering av Nes menighetshus**

Saka blei ikkje lagt fram.

## **Sak 013/17 Forslag til forarbeid og utviding av fellesnemnda**

### Forslag til forarbeid for fellesnemnda :

Sauherad og Nes sokneråd foreslår en felles arbeids- og idedugnad for stab, sokneråd/fellesråd og prost.

Soknerådet foreslår at det settes av en dag hvor Bø og Sauherad orienterer hverandre om kirker, kirkegårder, redskap og maskiner og oppbevaring av dette, kapell, kontorer og menighetshus.

Videre presenteres stab og stillinger. Bø presenterer sitt og Sauherad sitt.

Prosten blir bedt om å presentere prestesituasjonen.

Det foreslås at det blir lagt opp til gruppearbeid med f.eks. følgende problemstillinger: Hvordan kan vi best legge til rette for god funksjon for kirker og kirkegårder? Hvordan kan vi arbeide for å få en god utvikling i menighetsarbeidet?

Det foreslås at det blir satt av en ukedag i juni 2017 på Nes Menighetshus.

Tidspunkt kl 9 – 16. Sauherad og Nes sokneråd tar ansvar for en enkel servering.

*Forslag til vedtak:*

Soknerådet foreslår at det blir satt av en ukedag til felles møte med Sauherad og Bø Sokneråd/fellesråd og stab.



# DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

For å få god involvering av sokneråda til arbeidet med sammenslåing av fellesråda for Sauherad og Bø, foreslår soknerådet at nemda utvider til 3 mandater fra hvert sokneråd.

*Møtebehandling:*

*Vedtak:*

Soknerådet foreslår at det blir satt av en ukedag til felles møte med Sauherad og Bø Sokneråd/fellesråd og stab.

For å få god involvering av sokneråda til arbeidet med sammenslåing av fellesråda for Sauherad og Bø, foreslår soknerådet at nemda utvider til 3 mandater fra hvert sokneråd.

For Sauherad og Nes sokneråd

Trond M. Haugen  
Kyrkjeverje